

Høyringsinnspel til Handlingsplan mot skadelege framande artar i Vestfold og Telemark 2020» - oppsummering og vurderinga frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark.

Det kom inn fire høyringsinnspel til planen (3 skriftlege og ein over telefon). Ein oppsummering av desse er presentert under saman med Fylkesmannens vurdering.

Frå Grenland Landbrukskontor:

Grenland Landbrukskontor hadde følgjande innspel på korrektur:
«s. 13 Listen under er basert seg på...
s. 15 ... slår til i boreale soner...
s. 18 Hybridbarlind. De er 11 forekomster.
s. 22 Kommunen har fått støtte av/til dette fra Fylkesmannen.»

Vurderinga frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark:

Korrekturinnspele tas til følgje.

Frå Sandefjord kommune (per telefon):

Sandefjord kommune ønsker meir forklaring på kva som er lovpålagt når det gjeld fjerning av framande artar. Dei tenkjer òg at planen er noko ambisiøs og at måla kanskje ikkje er moglege å nå. Til sist foreslår dei at lista over tiltak i faktaarka kan gjerast klarare.

Vurderinga frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark:

Ein relativt omfattande oversikt over lovverket når det gjeld framande artar står på side 33 til 36 i handlingsplanen. Det er ikkje lovpålagt at ein må fjerne framande artar, men ein kvar må følgja den generelle plikta for aktsemrd jf. Naturmangfaldlova som er utdjupta vidare i Forskrift om framande organismar jf. §18: «Den som er ansvarlig for innførsel, hold, utsetting eller omsetning av organismer, eller som iverksetter tiltak som kan medføre utilsiktet spredning av fremmede organismer i miljøet, skal oppre aktsomt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfold, herunder

- a) ha kunnskap om den risiko for uheldige følger for det biologiske mangfold som aktiviteten og de aktuelle organismene kan medføre, og om hvilke tiltak som er påkrevd for å forebygge slike følger, og
- b) treffen forebyggende tiltak for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfold, og for raskt å avdekke utilsiktet spredning av fremmede organismer..»

Det er satt inn ein setning på side 33 som forklarar dette.

Planen er ambisiøs, men Fylkesmannen meiner ein bør setje store mål for ein slik plan då konsekvensane for å ikkje nå desse måla er alvorlege. Handlingsplanen legg fram prioriteringar av ulike tiltak, artar og områdar som gjer at det blir enklare å setje seg delmål og forstå kva tiltak som hastar mest.

Tiltaka i faktaarka er no endra slik at dei har vorte meir utfyllande.

Frå Horten kommune:

Horten kommune registrerer Fylkesmannens oppfordring til å la område som er fullstendig overtatt av ein skadeleg invaderande art ligga i ro og at ingen tiltak setjast i verk då fragmentering av vegetativt materiale kan bidra til å setje i gang ein ytterlegare spreiing. Dei meiner dette er eit viktig bodskap til alle grunneigarar med skadelege framande artar som har invadert større områdar.

Dei påpekar og at kommunen kan ha andre behov enn Fylkesmannen når det gjeld områdar som skal prioriterast av omsyn til kartlegging, nedkjemping og overvaking.

Dei nemner og at uttrykket «prioriterte artar» brukast for dei artane som skal prioriterast for nedkjemping, noko som er eit innarbeida uttrykk innan norsk naturforvaltning som omfattar dei trua artane frå norsk raudliste som skal ivaretakast gjennom eigne bevaringstiltak og følgjes opp med overvaking. Dei meiner handlingsplanen ville blitt styrka ved å bruka eit anna utrykk, til dømes «arter til bekjempelse» eller noko liknande for å unngå forvirring hos lesaren.

Vidare påpeiker dei at faktaarka for kommunane inneholder figurar med mykje detaljert informasjon, og at karta over prioriterte områdar blir uleseleg på papirform. Dei seier og at det at tiltaka er dei same for alle kommunane kan sikre at forståinga for handteringa av skadelege framande artar blir einsarta på tvers av kommunar innanfor fylket.

Kommunen etterlyser og ein utgreiing av løysningar for tiltak i område med store mengder framande artar, kor det kan være behov for transport av masser som inneholder skadelege framande arter, om det til dømes kunne være ein løysing å handtera slike massar lokalt?

Dei nemner og at det vil bli viktig med krav om kartlegging av skadelege framande artar i forbindelse med byggesaker. Beiting med sau bør vurderast i område der det er større areal med framande artar.

Kommunen meiner og at det kunne vore meir i tiltaka om frøblandingar med utanlandske artar, og at det burde være fokus på at det bør brukast blandingar som inneholder frø som er endemiske for områda der dei skal spreiaast.

Vurderinga frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark:

Fylkesmannen er einig i at det er eit viktig bodskap at om ein ikkje har økonomiske virkemidlar og ein langsiktig plan for å gjennomføre ein nedkjemping av ein stor førekommst så kan det i nokon tilfelle væra betre å la førekommsten stå.

Fylkesmannen er og einig i at det kan væra forskjellige behov når det gjeld prioriteringar i område, for kartlegging, nedkjemping og overvaking, men dette er ein handlingsplan som er tiltenkt brukt både av Fylkesmannen og av kommunane. Dette er klargjort i forordet og under mål og rammar for handlingsplanen (side 6). Lista over prioriterte område startar med verneområda då me meiner at det må være dei aller viktigaste områdane for tiltak mot skadelege framande artar. Verneområda skal ta vare på eit representativt utval av natur for kommande generasjonar. Framande artar kan forårsake uboteleg skade på mange typar natur og Fylkesmannen meiner

det bør væra eit hovudfokus på å hindre dei i å få etablert seg i sårbarer naturområde. På grunn av dei enorme kostnadane forbunden med å nedkjempe framande arter er det naudsynt å gjera ein prioritering av områdane ein startar tiltak i. Ein førekommst av ein framand art som står i eit område der den ikkje har moglegheit til å spreie seg og ikkje vil forårsaka skade på verdifull natur meiner me derfor bør nedprioriterast i ei vurdering av tiltak.

Når det gjeld uttrykket «prioriterte artar» er Fylkesmannen einig i at det kan skapa forvirring for lesaren. Uttrykket har blitt endra til «artar som bør prioriterast»

Faktaarkene for kommunane er tenkt som ein ressurs for kvar enkelt kommune for å enkelt kunne finne ut kva artar og område dei bør prioritere. Dei inneheld mange lenkjar der ein kommer inn i elektroniske kartløysningar. For å vise heile arealet til kvar enkelt kommune er det naudsynt å ha relativt låg oppløysning, og det blir då vanskeleg å få inn alt på eit kart som kan lesast på ein A4 utskrift. Det er likevel riktig å ha med alle områdane på eit slikt kart for å illustrera at det finnast mange viktige område å prioritera i kvar kommune. Det er og uansett naudsynt å gå inn på sjølvve kartløysinga for å få eit godt bilde av kor dei ulike områda og artane finnast. Fylkesmannen vil på årets framandartssamling gå igjennom dei ulike kartløysningane og kartlaga for å klargjere korleis vi meiner prioriteringa bør gjerast.

Fylkesmannen held på med ein oversikt over anlegg som tar i mot massar med skadelege framande artar (som er eit av tiltaka i handlingsplanen), og vil også utarbeide ein enkel oversikt over artar og tiltak for entreprenørar og tilsette i kommunen som driver med gravearbeid. Ofte kan det være ein bra løysning å handtera massar med skadelege framande artar lokalt framfor å transportera dei over store avstandar, men då er det viktig at det er retningslinjer på plass for korrekt handtering av massane og at områda med behandla massar blir godt markerte på kart for framtida.

Tiltak nr. 5 i lista over tiltak beskriv kommunens moglegheiter til å setje krav til ulike tiltak mot spreying av skadelege framande artar i planvedtak. Kartlegging av framande artar kan være eit slikt krav. Fylkesmannen er og einige i at tiltak med beitedyr kan være ein god løysning som eit alternativ til for eksempel sprøytemiddel. Dette er og nemnt på side 29.

Fylkesmannen takkar kommunen for forslaget om fokus på frøblandingar med utanlandske artar. Eit punkt er satt inn om dette under tiltak nr. 4 om informasjonsarbeid.

Frå Skien kommune:

Skien kommune meiner det er viktig å understreke behov for å involvere fleire partar for å få kontroll på problemet med framande artar, at ein må informere og samarbeide, ikkje berre innan kommunen, men også med private aktørar/entreprenørar/Vegvesenet og innbyggjarar/grunneigarar med eigen hage - og grøntareal. Dei meiner at handlingsplanen seier ein del om dette informasjonsarbeidet, men dei meiner det ikkje leggjast nok vekt på ansvaret til planteskolar og hagesentera. Kommunen meiner det ikkje bør væra lov å produsere eller selje høgrisikoartar som utgjer ein fare for det biologiske mangfaldet. Dei seier det ikkje kan forventast at hageeigarar skal ha kjennskap til alle risikoartane, men at det bør kunne forventast at planteskolar og hagesentera har meir kunnskap og bør væra sitt ansvar bevisst. Kommunen nemner som eit eksempel rognspirea som er vurdert til SE av Artsdatabanken, men som seljes i hagesentera. Dei meiner at det er fleire arter som må inn på forbodslista i forskrift om framande organismar.

Kommunen ynskjer og at det utarbeidast enkle retningslinjer som personar i kommunens kommunaltekniske avdeling kan ha i sine køyretøy slik at dei kan ta omsyn til faren for spreiing av skadelege artar når dei transporterar massar internt i kommunen.

Vurderinga frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark:

I forskrift for framande organismar §20 står det at «*den som er ansvarlig for omsetning eller formidling av fremmede organismer, skal gjøre kunder og andre mottakere av organismene kjent med risiko for uheldige følger og forebyggende tiltak i samsvar med § 18 første ledd, tiltaks- og varslingsplikten etter § 19, og de øvrige bestemmelser i forskriften som gjelder for de aktuelle organismene.*» Planteskolar og hagesentera som seljer framande artar skal derfor opplyse om denne risikoen. Klima og Miljødepartementet kom nyleg med ein tiltaksplan for «bekjempelse av framande skadelege organismar» som er utarbeida av ei direktoratsgruppe. Denne planen leggjar føringar for korleis dei ulike sektorane skal arbeide i fellesskap med dei sentrale problemstillingane i feltet. Nokon av tiltaka i denne planen fokuserer på kva innførsels- og spreiingsvegar som bør prioriterast for tiltak og korleis ein kan leggje til rette for auka tilgjengelegheit av stadeigne karplantar. Det vil og bli utarbeida informasjon og rettleiingsmateriell om framande artar til både private aktørar og næringsliv. Om fleire artar skal inn på forbodslista jf. Forskrift om framande organismar må dette gjerast på nasjonalt nivå og involvera fleire offentlege instansar. Men Fylkesmannen vil vidareformidle forslaget frå kommunen oppover i systemet.

Når det gjeld retningslinjer for kommunalteknisk avdeling er dette noko som er under utarbeiding hos Fylkesmannen og vil bli publisert på våre nettsider snarleg.